

Velkomen til blodbanken!

Fyll ut (bruk blokkbokstavar):		
Etternamn	Fornamn	Fødselsnummer (11 siffer)
Privatadresse med postnummer Som før <input type="checkbox"/>		
Tlf privat	Tlf mobil	Tlf arbeid
Epostadresse		

	JA	NEI
Tillet du at blodbanken sender deg epost (innkalling, timepåminning, eventuell annan viktig informasjon)?		
Tillet du at blodbanken sender deg SMS (innkalling, timepåminning, eventuell annan viktig informasjon)?		

Blodoverføring er ein uerstatteleg del av moderne medisinsk behandling. Likevel kan både det å ta imot blodoverføring og det å gi blod medføre risiko.

- Nokre sjukdommar kan overførast med blod frå blodgivar til pasient. Ein kan vere berar av smittestoff som kan overførast utan sjølv å vite om det. Ein nyleg smitta person kan vere smittefarleg sjølv om testane ikkje viser noko gale. Av den grunn må personar som kan ha vorte utsette for smitte, ikkje gi blod. Vi stiller difor mange spørsmål om situasjonar der ein kan ha vorte utsett for smitte.
- Viss ein er frisk, er risikoen ved å gi blod svært liten. Nokre sjukdommar kan gi auka risiko for komplikasjonar etter blodgiving. Vi stiller derfor mange spørsmål om blodgivaren si eiga helse for å vere sikker på at han eller ho trygt kan gi blod.

Vi ber deg svare ærleg på spørsmåla nedanfor. Vi gjer merksam på at blodbankpersonalet har teieplikt. Blodbanken må ha full tillit til at dei opplysningane du gir, er riktige. Er du i tvil om du kan vere blodgivar, kan du drøfte dette med den du leverer skjemaet til.

Blodbanken har informasjonsmateriell om blodgiving. Viss du ikkje har lese dette tidlegare, oppmodar vi deg til å gjere det no!

Ver vennleg og svar på dette	JA	NEI
Har du fått informasjon om blodgiving?		
Føler du deg frisk no?		
Viss du har gitt blod tidlegare, har du vore frisk sidan sist du gav blod til no?		
Veg du 50 kg eller meir?		
Har du opne sår, eksem eller hudsjukdom?		
Har du piercing i slimhinne?		

Har du i løpet av dei siste fire vekene	JA	NEI
- brukt medisinar?		
- vore sjuk eller hatt feber?		
- hatt laus avføring?		
- fått vaksine?		
- vore hos tannlege eller tannpleiar?		

Har du i løpet av dei siste seks månadene	JA	NEI
- vore til legeundersøking eller på sjukehus, eller fått behandling for nokon sjukdom?		
- hatt kjønssjukdom, eller fått behandling for kjønssjukdom?		
- hatt seksuell kontakt med person med HIV-infeksjon eller hepatitt B eller hepatitt C, eller med person som har hatt positiv test for ein av desse sjukdommane?		
- hatt seksuell kontakt med person som bruker eller har brukt dopingmiddel eller narkotiske middel som sprøyter eller ved sniffing?		
- hatt seksuell kontakt med prostituerte eller tidlegare prostituerte?		
- blitt tatovert, fått piercing eller teke hol i øyra?		

Snu arket!

Har du i løpet av dei siste seks månedene	JA	NEI
- fått akupunktur?		
- stukke eller skore deg på gjenstandar som var ureina med blod eller kroppsvæsker?		
- budd i same husstand som ein person som har hepatitt B?		
- fått blodsøl på slimhinner eller skadd hud?		
- vorte biten av flått?		
- hatt seksualpartner som har budd meir enn eit år samanhengande utanfor Vest-Europa ?		
- hatt seksualpartner som har vore i Afrika?		
- hatt seksuell kontakt med ein person som har fått blod eller blodprodukt utanfor Norden?		
- hatt ny seksualpartner?		
- vore utanfor Vest-Europa?		

Har du i løpet av dei siste to åra	JA	NEI
- hatt sjeldne eller alvorlege infeksjonssjukdommar?		

Har du på noko tidspunkt gjennom livet	JA	NEI
- hatt, hjarte-, lever-, eller lungesjukdom?		
- hatt kreft?		
- hatt blødningstendens?		
- hatt allergi mot mat eller medisinar?		
- hatt malaria?		
- hatt tropesjukdommar?		
- hatt hepatitt (gulsott), HIV-infeksjon eller AIDS?		
- hatt positiv prøve for hepatitt (gulsott) eller HIV-infeksjon?		
- fått blodoverføring?		
- fått veksthormon?		
- fått hornhinnetransplantat?		
- hatt syfilis?		
- hatt alvorleg sjukdom som ikkje er nemt her?		
- brukt dopingmiddel eller narkotiske middel som sprøyter eller ved sniffing?		
- motteke pengar eller narkotika som gjenyting for sex?		

Kvinner svarar på dette	JA	NEI
Er du gravid?		
Har du vore gravid i løpet av dei siste tolv månedene, eller ammar du no?		
Viss du har gitt blod tidlegare, har du vore gravid sidan sist blodgiving?		
Har du i løpet av dei siste seks månedene hatt seksuell kontakt med ein mann som du veit har hatt seksuell kontakt med andre menn?		

Menn svarar på dette	JA	NEI
Har eller har du hatt seksuell kontakt med andre menn?		

Svar òg på dette	JA	NEI
Har du brukt narkotika ein eller fleire gonger dei siste 12 månedene?		
Har du eller nokon i familien hatt Creutzfeldt-Jakob sjukdom eller variant CJD?		
Har du vore i Storbritannia i meir enn eit år til saman i perioden mellom 1980 og 1996?		
Har du i løpet av dei siste tre år vore i område der malaria førekjem?		
Har du opphalde deg samanhengande i minst seks månader i område der malaria førekjem?		
Har du opphalde deg i Afrika i meir enn fem år til saman?		
Er du fødd i Amerika sør for USA?		
Godtar du at anonymiserte prøvar av blodet ditt kan brukast til forskning? Du er like velkomen som blodgivar anten du svarar ja eller nei. Blodbanken kan gi informasjon om aktuelle forskingsprosjekt.		
Eg samtykkjer i at plasmaet mitt blir ført ut av Noreg til legemiddelproduksjon		

Dato og underskrift	
Plass for eventuelle tilleggsopplysningar	
Dato	Di underskrift

Skal fyllast ut av blodbanken	
Hb:	BT: Puls Konklusjon om blodgiving:
Dato: Blodbankens signatur:	

Eg gir med dette blodbanken løyve til å hente inn ytterlegare helseopplysningar	Di underskrift
om: ca. tidspkt: frå lege/sjukehus:	